

Arbeidet med planar og teikningar for teknisk anlegg i Ospelunden går vidare og kommunen har i sommar halde eit møte og drøfta framgangen vidare i dette arbeidet. Der vart det mellom anna konkludert med at det må søkjast om mindre endring av reguleringsplan i samband med søknad om teknisk anlegg.

Det må skje på grunn av mleggjing av veg og fortau og på grunn av planleggjing av vassmagasin i søraustre del av planområdet. Det vart også drøfta planleggjing av miljøstasjonar, vatn og avløp, sløkkjevattn og trykkproblem og overvatn.

Før kommunen kan frådele tomter må søknad om teknisk anlegg vere godkjent. Den er enno ikkje innkomen til kommunen. Difor ynskjer kommunen no eit møte med Kjell Yri og eventuelt dei andre involverte for å drøfte prosessen vidare.